

Fra: Jarle Käre Oen (jarle.kare.oen@oygarden.kommune.no)

Sendt: 30.11.2015 09:50:11

Til: Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

Kopi: Beate Hetlevik; Siri Fahlvik Pettersen; Rigmund Skjold

Emne: Regional areal- og transportplan for Bergensområdet - Høyringsuttale

Vedlegg: image001.png;Regional areal- og transportplan for Bergensområdet - Høyringsuttale (L)(275009).pdf

Sjå vedlagte dokument

Hei,

Fristen for uttale er sett til 1. desember. Øygarden Kommunestyre skal slutthandsama uttale i møte 9. desember. Formannskapet har samrøystes gitt slik tilråding i møte **12. november**:

Innstilling til tilråding:

- Øygarden kommunestyre er positiv til at det no vert utarbeida ein regional plan for fjell til ei sterkare samordning av arealbruk og transportopplegg for Bergensområdet – og kan difor slutta seg til dei overordna målsettingane slik dei er formulerte under pkt. 1.1 i høyringsforslaget.
- Øygarden kommunestyre vil likevel be om at planen vert gjennomgått på nytt, slik at planframlegget kan verta tydelegare og at kommunepolitikarane kan verta tryggare på dei rammene som skal gjelda for forvaltninga i medhald av planen.
- Øygarden kommunestyre tilrår at det vert innarbeida strategiar for den einskilde kommune, evt for kommunetype, for neste måla. Sjå punkt 1.3 i planen.
- Øygarden kommunestyre ber om at retningslinene og tiltaka vert omarbeidd og tilpassa nye og modifiserte strategiar, jfr punkt 3.

Formannskapet- 068/15 Vedtak:

Innstillinga vart samrøystes tilrådd.

Me oversender saksutgreiinga. Med atterhald om kommunestyret si godkjenning vert dette Øygarden kommune sin uttale i saka.

Med helsing

Jarle Käre Oen
Spesialrådgjevar
Teknisk plan og forvaltning
Øygarden kommune

Telefon : 56 38 54 04 / mob 911 51 658

E-post : jko@oygarden.kommune.no Heimeside : www.oygarden.no